



DET KONGELEGE BARNE-  
OG FAMILIEDEPARTEMENT

Statsråden

Stortinget  
Familie- og kulturkomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref  
IS/mb

Vår ref  
22/1404-

Dato  
29. april 2022

**Dokument 8:228 S (2021-2022) - Representantforslag fra  
stortingsrepresentantene Kathy Lie, Kari Elisabeth Kaski og Grete Wold -  
Om bemanning i barnevernet - Barne- og familiedepartementets  
vurdering av forslaget**

Eg viser til brev av 21. april 2022 frå Familie- og kulturkomiteen med representantforslag Dok. 8:228 S (2021-2022) frå stortingsrepresentantane Kathy Lie, Kari Elisabeth Kaski og Grete Wold, om bemanning i barnevernet.

Forslaga lyder:

1. Stortinget ber regjeringen utarbeide en opptrappingsplan med øremerkede midler for å øke bemanningen i det kommunale barnevernet i forslaget til statsbudsjett for 2023
2. Stortinget ber regjeringen innføre en veiledende bemanningsnorm der saksbehandler med administrativ funksjon (funksjon 244) i det kommunale barnevernet ikke kan ha ansvar for flere enn 15 barn
3. Stortinget ber regjeringen utrede hva faglig forsvarlig bemanning i institusjonsbarnevernet er med tanke på det miljøterapeutiske tilbudet knyttet til god omsorg og behandling samt et trygt bo- og arbeidsmiljø for både barn, unge og ansatte, med særlig fokus på utfordringene knyttet til alenearbeid

Eg deler ambisjonen til representantane om at barn, unge og familiane deira skal møte eit fagleg sterkt barnevern, med tid og ressursar til å følgje opp behova til familien. Dei tilsette er den viktigaste ressursen i barnevernet. Utan tilstrekkeleg tid får ikkje dei tilsette brukt kompetansen sin, og moglegheita til barn og foreldre for reell medverknad vert skadelidande. Vi treng stabilitet og tilsette med erfaring og som kjenner barna og behova deira, og som kan rettleie dei nyutdanna som skal inn i yrket. Barnevernet er tryggingssettet i samfunnet for å fange opp og hjelpe dei barna og familiane som treng det mest.

Eg har følgjande kommentarar til forslag 1 og 3. Familie- og kulturkomiteen skal ikkje handsame forslag 2, og eg vil derfor ikkje kommentere dette forslaget nærare.

1. *Stortinget ber regjeringa utarbeide en opptrappingsplan med øremerkede midler for å øke bemanningen i det kommunale barnevernet i forslaget til statsbudsjett for 2023*

Det heiter i Hurdalsplattforma at eit levande lokaldemokrati er grunnsteinen i folkestyret og ein føresetnad for tillit og legitimitet til det nasjonale folkestyret. Det er store skilnader mellom kommunane når det gjeld kva slags utfordringar dei står overfor, og det er kommunane sjølve som er best i stand til å vurdere kva som trengst mest i deira kommune. Det kommunale sjølvstyret gir rom for skreddarsydde løysingar for kvart enkelt lokalsamfunn. Derfor meiner regjeringa at kommunesektoren i all hovudsak skal vere rammefinansiert. Øyremerking gir ikkje i seg sjølv meir middel, men reduserer handlingsrommet kommunane har til å prioritere ut frå lokale forhold.

Eg viser til at kommunane har hatt ein betydeleg auke i årsverk i det kommunale barnevernet, og vi ser gode resultat. Frå 2013 til 2021 har det blitt om lag 1 580 fleire årsverk i det kommunale barnevernet. Dette inneber ein auke på nærare 1/3. Denne regjeringa har sørga for sterk vekst i inntektene til kommunane, og dette gir grunnlag for t.d. ein fortsett vekst i årsverk i barnevernet.

Barnevernsreforma skal gi meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, og styrkje det førebyggjande arbeidet til kommunane og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. Samstundes med at kommunane fekk eit større ansvar for barnevernet, blei det øyremerka tilskotet til kommunale stillingar som blei bygd opp 2011–2018 innlemma i rammetilskotet. Dette gir kommunane eit heilskapleg finansieringsansvar for årsverk og bemanning i det kommunale barnevernet.

Innlemminga har gitt kommunane auka handlingsrom og inntekter som dei kan disponere fritt.

Det har over tid vore brei semje om at hovudmodellen for finansiering av kommunane er frie inntekter. Når kommunane har fått auka ansvar gjennom reforma, er det naturleg at dei og har fullt finansieringsansvar for bemanning.

2. *Stortinget ber regjeringa innføre en veiledende bemanningsnorm der saksbehandlere med administrativ funksjon (funksjon 244) i det kommunale barnevernet ikke kan ha ansvar for flere enn 15 barn*

- utgår

3. *Stortinget ber regjeringa utrede hva faglig forsvarlig bemanning i institusjonsbarnevernet er med tanke på det miljøterapeutiske tilbudet knyttet til god*

*omsorg og behandling samt et trygt bo- og arbeidsmiljø for både barn, unge og ansatte, med særlig fokus på utfordringene knyttet til alenearbeid*

Institusjonsbarnevernet er ei andrelinjeteneste med ansvar for å gi hjelp i form av omsorgs- og endringstiltak til barn og ungdom som ofte treng mykje støtte og oppfølging. I nokre institusjonar kan det og være naudsynt med bruk av tvang. God kompetanse og tilstrekkeleg personell er derfor særst viktig for å ha ei forsvarleg drift som varetar behova til barna. For å gi ei heilskapleg fagleg tilnærming må dei tilsette ha kompetanse til å drive endringsarbeid med utgangspunkt i spesifikke metodar og behandlingsmodellar. Det faglege endringsarbeidet på institusjonane må skje kontinuerleg, også i det daglege samspelet mellom barna og dei tilsette. Kravet om relevant bachelorutdanning for institusjonstilsette, som tok til å gjelde frå nyttår, er eit viktig tiltak for å styrkje kompetansen i barnevernsinstitusjonane.

Miljøterapi er den felles faglege plattformen for å gi god hjelp til barn som bur på barnevernsinstitusjon. Dei tilsette skal både gi omsorg og skape trygge rammar for barna, i tillegg til å arbeide med positiv utvikling og mestring. Det blei i arbeidet med kompetansekrav utgreia om det burde vere særskilde krav til miljøterapeutisk kompetanse. Det blei konkludert med at det ikkje er hensiktsmessig å stille krav om miljøterapi ved kvar enkelt institusjon, men at utdanningar som gir kompetanse i miljøterapi er særleg relevante for arbeid i barnevernsinstitusjon.

Det følgjer i dag av barnevernlova § 1-4 at det skal vere generelt forsvarleg og av kvalitetsforskrifta at barnevernsinstitusjonane skal ha forsvarleg bemanning og kompetanse. I ny barnevernslov er kravet løfta inn i lova jf. ny § 10-16. Føresegna seier at den einskilde barnevernsinstitusjonen til kvar tid skal ha forsvarleg bemanning og kompetanse. Vidare seier føresegna at institusjonen skal ha tilsett personell med tilstrekkeleg nivå og breidde i kompetansen ut frå målgruppa og målsettinga til institusjonen.

I prop. 133 L (2020-2021) *Lov om barnevern (barnevernsloven) og lov om endringer i barnevernloven* understrekar departementet at den einskilde barnevernsinstitusjonen har behov for personell som blant anna har kunnskap om miljøterapi og om faglege metodar til bruk i det daglege arbeidet i institusjonen, kunnskap og forståing om reglar om rettane til barnet og bruk av tvang og andre inngrep, og kunnskap om behandling av psykiske vanskar og rus- og åtferdsvanskar. Dei tilsette må og ha ein samansetnad av kompetanse som gjer dei i stand til å ta i vare alle delar av kvardagen til barna, jamvel å følgje opp skulegangen til barna. Dette inneber at institusjonstilsette bør ha ein grunnkompetanse som gjer dei fagleg rusta til å drive miljøterapeutisk endringsarbeid og nytte dei faglege metodane som følgjer av planane til institusjonen.

Buudir har utarbeida ein grunnmodell for kompetanse på institusjon som skal sikre retning, naudsynt innhald, prioritering og samanheng i arbeidet med kompetanse og kunnskapsløft i institusjonsbarnevernet. Grunnmodellen skal bidra til at dei tilsette får den kompetansehevinga og treninga dei treng i sin arbeidskvardag, jamvel opplæring i tryggleik

og sikkerheit. Arbeidet med grunnmodellen byggjer på ei vurdering av kva som er kompetansebehovet i institusjonsbarnevernet. Eg ser ikkje at det er naudsynt med ei ytterlegare utgreiing av fagleg forsvarleg bemanning på institusjonsområdet på dette tidspunktet.

Med helsing

Kjersti Toppe